

**HOVUDUTSKRIFT**  
**FOR**  
**SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS**  
**REPRESENTANTSKAPSMØTE**

---

Møtedato: 5. november 2020

Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.50

---

Som medlemmer møtte:

Herøy: Bjørn Prytz, Gunn-Lise Voldsund, Karl-Oskar Sævik  
Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde  
Hareid: Bernt Brandal (t.o.m. sak R11/20)  
Sande:

Følgande medlemmer møtte ikke:

Herøy: Tor-Sindre Steinsvik  
Hareid: Kjetil Nesset  
Sande: Olav Myklebust, Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Som varamedlemmer møtte:

Hallvard Sæverud (for Kjetil Nesset)  
Einar Ekroll (for Olav Myklebust, t.o.m. sak R11/20)

Frå styret møtte: George Fulford, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Kjartan Grimstad og  
Bjarte Uglum

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal, Andrea Sæverud, Rune Tarberg

Andre:

Saker som vart handsama: Sakene R09/20 – R14/20

---

**Vedtakssaker:**

**SAK NR R09/20**

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Sakshandsaming:**

Oddvar Gjerde har sendt inn ein e-post vedr. ei sak om næring som han ville gjerne ta opp og manglar svar på denne. Manglande svar vart vart beklaga og tatt til etterretning.

**Vedtak, samr.:**

Innkallinga og saklista vart godkjend.

**SAK NR R10/20**

**VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)**

**Vedtak, samr.:**

Hallvard Sæverud og Einar Ekroll skriv under protokollen saman med leiар Knut Erik Engh (og dagleg leiар).

**SAK NR R11/20**

**BUDSJETT 2021, ØKONOMIPLAN 2021-2024 OG GEBYRREGULATIV 2021**

**I forslaget til budsjett, økonomiplan, etc. kan følgande nemnast:**

- 3,3 % påslag på gebyrnivået i 2021 (renovasjonsgebyret for hushaldningar).
- Reduksjonen i sjølvkostfondet held fram (etter gjeldande reglar) dei første åra og det er bereikna eit forsiktig overskot åra deretter.
- Ingen nye stillingar er lagt inn i perioden.
- Den generelle prisstigninga / kostnadsauken er lagt inn med 3 %. Såpass lav kostnadsauke er kalkulert med bakgrunn i effektiviserings- og digitaliseringstiltak.
- Lønnsauken er sett til 2,0 % i 2021 og 2,5 % dei påfølgande åra.
- Det er i budsjettet ikkje tatt omsyn til forslaget i statsbudsjettet om å legge på ei forbrenningsavgift på kr 149/tonn CO<sub>2</sub>.
- Evnt. seinare investeringar i eit biogassanlegg og andre store investeringar er ikkje lagt inn i budsjettet.

**Sakshandsaming:**

Oddvar Gjerde føreslo å redusere gebypåslaget for 2021 frå 3,3 % til 2,5 %. Dette grunna i eit ønske om at SSRs verksemد i størst mogleg grad skal tilpasse seg rammebetingelsane for offentleg verksemد, samt eit ønske om å halde gebryrauen lav i eit vanskeleg år. Styret hadde ingen innvendingar mot endringa, men streka under at over tid skal gebyrinntektene dekke kostnadene ved den delen av verksemda som er underlagt reglane om sjølvkost. Budsjett og økonomiplan vil bli endra og dette vil medføre endringar i budsjettet for 2021.

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet vedtar, med ei auke i gebyret på 2,5 % i 2021, budsjettet for 2021, gebyrregulativet for 2021 og økonomiplanen for 2021-2024. Gebyrregulativet blir oversendt til kommunestyra i eigarkommunene for endeleg vedtak der.

**SAK NR R12/20**  
**DEPONIET / FYLLPLASSEN I FLØSTRANDA**

Deponiet i Fløstranda i Ulstein kommune vart etablert og sett i drift i 1948. Deponiet var i drift fram til årsskiftet 1994/1995. I 1995 vart deponiet på Eidet sett i drift. I løpet av dei siste par åra har det oppstått sprekker i øvste del av deponiet, og sjøen vaskar ut avfall frå nedste delen. Spørsmålet er kven som skal bere kostnadene med å fikse det som må ordnast og også sørge for eventuell anna etterdrift av deponiet seinare. Ulstein kommune har i avtale med grunneigarane, datert 6. desember 1989, tatt på seg ansvaret: «Kommunen skal vere ansvarleg for begge fyllingane også i framtida.». I perioden 1980/1981 til midt på 1990-talet var Ulstein kommune vertskommune for SSR (som då inkluderte Herøy, Ulstein og Hareid). Styret føreslo følgjande tilråding til vedtak:

«Representantskapet ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk bruk på fyllplassen / deponiet og føreslår følgjande måte å løyse utfordringa på:

- a) Ulstein kommune dekker sin andel av kostnadene med deponiet.
- b) SSR dekker sin andel av kostnadene med deponiet.  
Kostnader knytta til hushaldningsavfallet (anslagsvis 50 % av totalkostnaden) blir dekt av sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon i SSR. Kostnadene blir ført i resultatreknskapet og deretter belasta sjølvkostfondet i årsoppgjeret.
- c) Organisering av arbeidet i Fløstranda blir avklart på møtet.»

**Sakshandsaming:**

Det vart i møtet etterlyst kartlegging av alle nedlagde deponi i eigarkommunene og eventuelt ansvar for desse, inklusiv eventuelle kostnader.

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet utset saka om deponiet på Flø til neste ordinære møte i representantskapet. Nytt saksframlegg skal avklare dei prinsipielle sidene ved saka, og det omfattar:

- a) Avfall knytt til hushaldningane skal dekkast av sjølvkostfondet.
- b) Kvalitetssikring av fordeling mellom hushaldning og næring.
- c) Fordeling av ansvar / kostnader mellom SSR og Ulstein kommune.
- d) Klarlegge det organisatoriske ansvaret for etterdrift (inkludert rettsleg vurdering av avtale mellom grunneigarar og Ulstein kommune).
- e) Avklare eit grovt estimat over kostnader dei neste åra.

Representantskapet føreset at tiltak som er akutte i forhold til liv og helse (sprekker i austre fylling) vert utbetra omgående, og at SSR tar ansvar for dette. Eigarkommunene vil framskaffe oversikt over deponi i kvar enkelt kommune. SSR koordinerer denne innsamlinga.

#### **ORIENTERINGSSAK – SAK NR R13/20**

#### **ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSÉ FOR 2020**

Generell orientering om økonomisk status i 2020 utan at det vart gjort vedtak i saka.


#### **ORIENTERINGSSAK - SAK NR R14/20**

#### **DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR**


Generell orientering om diverse saker. Det vart orientert om følgjande:

- Status for SSR og handteringen av koronapandemien. Ingen er koronasmitta i SSR og fleire smitteverntiltak er iverksett. Celleinndeling på innhentingsdelen kan bli iverksett dersom smittesituasjonen tilseier det. I krisetider ser ein tydeleg at SSR er viktig for lokalsamfunnet. Men auka besøk fører også til auka kostnader.
- Samarbeid med andre i regionen. Kort status for samarbeidet med andre renovasjonsselskap og kommuner, der det er utstrekkt samarbeid på fleire felt – t.d. på eit eventuelt biogassanlegg, på eit mogleg ettersorteringsanlegg, på kommunikasjon, på digitalisering og på ulike andre prosjekt. SSR vidarefører samarbeidet om gode regionale løysingar.
- Det blir ei vidare utgreiing om det er aktuelt å inkludere grovavfall i gebyret. I den årlege kundeundersøkinga skal ein høyre med respondentane om det kan vere interessant sjølv om det vil måtte bety eit påslag på gebyret. Saka er ei utgreiingssak som vil halde fram vidare.
- Status for næring i ei utfordrande tid for regionen. Det vart orientert om innkjøp av containerar, kundeavtaler, kor viktig næring er for å utnytte ressursar og for å halde gebyret nede, etc. Det er viktig for representantskapet at omfanget av SSRs næringsdel blir halde innanfor selskapets strategiplan og ikkje aukar framover, heller at det blir trappa litt ned. Representantskapet ønskjer også at selskapet framover skal gi hushaldningane eit tilbod om å kunne leige containerar.
- Kontrollar utanfrå. Selskapet blir stadig kontrollert og vi er glade for det. Det fører til at nøytrale auge ser oss i korta, og vi kan få identifisert punkt vi kan bli betre på. Vi hadde nyleg eit tilsyn frå Fylkesmannen og brannvesenet, og fekk der påvist avvik som må rettast opp – og det er vi i full gang med.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 5. november 2020

  
Knut Erik Engh  
representantskapsleiar

  
Hallvard Sæverud

  
Einar Ekroll  
  
Einar Heimdal  
dagleg leiar